



FITJAR IDRETTSLAG
Skipa 6.mars 1949

ORGANISASJONSPLAN FOR Fitjar Idrettslag



FITJAR IDRETTSLAG
Skipa 6.mars 1949

Vedtatt på årsmøtet 03.03. 2016



FITJAR IDRETTSLAG
Skipa 6.mars 1949

Innhald

Innleiing	3
Grunnlagsopplysningar for Fitjar idrettslag	3
Idrettslagets formål	3
Visjon	3
Verdigrunnlag	4
Handlingsplan	4
Organisasjonen Fitjar Idrettslag	6
Årsmøtet	7
Styrets funksjon og samansetning	8
Styret skal	8
Styremedlemmer	8
Revisorar	8
Valkomité	8
Dagleg leiar	8
Medlemmer	9
Forsikring	9
Aktivitet	9
Informasjon	9
Regnskap	10
Medlemskontingent og treningsavgift	11
Reklame/sponsoravtaler	11
Utleige	11
Ved kontantsal	11
Tilsetjing	11
Økonomisk utroskap/varslingsplikt	11
Alkohol	11
Politiattest	12
Fair Play	12
Barneidrettsansvarleg	12
Utmerkingar	12
Årlege faste oppgåver	12

Innleiing



FITJAR IDRETTSLAG
Skipa 6.mars 1949

Organisasjonsplanen til Fitjar idrettslag skal fungere som ein oversikt for både medlemmar og eksterne aktørar over korleis idrettslaget er organisert, og kva for verdiar og reglar som ligger til grunn for vår organisasjon. Organisasjonsplanen er eit levande dokument som vert vedteken årleg på årsmøtet til Fitjar idrettslag.

Grunnlagsopplysningar for Fitjar idrettslag

Namn: Fitjar Idrettslag

Stiftet: 06.03.1949

Idrettar: Handball, friidrett, turn/idrettskule, orientering, badminton, fotball og treningscenter

Postadresse: Fitjar Idrettslag, postboks 28, 5418 Fitjar

E-postadresse: fitjar.idrettslag@gmail.com

Bankkonto: 3546.66.10109

Bankforbindelse: Sparebanken Vest

Internettadresse: www.fitjaril.no

Organisasjonsnummer i Brønnøysundregisteret: 980527492

Anleggsadresse: Fitjar idrettspark, 5419 Fitjar

Telefon: 95975150

Medlem i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komite/NIF

Registrert tilknytning til Hordaland idrettskrets

Registrert tilknytning til Fitjar idrettsråd

Årsmøtemånad: Skal avholdas innan 31.mars.

Idrettslagets formål

- Fitjar idrettslag skal vere ein open og demokratisk organisasjon der formålet er å drive idrett organisert i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF)
- Arbeidet skal pregast av friviljug innsats, demokrati, lojalitet og likeverd. Alle idrettslege aktiviteter skal byggja på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom.
- Idrettslaget er sjøleigande og frittstående med berre personlege medlemmar.
- Fitjar Idrettslag skal vere hovudaktør for utvikling av idrett og fysisk aktivitet i Fitjar kommune. Idrettslaget skal vere med å bidra til både breidde og konkurranseidrett i vårt lokalmiljø, enten i eigen regi, eller igjennom samarbeid med andre.
- Fitjar idrettslag skal vere ein effektiv serviceyter for sine medlemmer, og eit talerør overfor særforbund, Idrettskrets, idrettsråd og lokale myndigheiter.
- Som eit fleiridrettslag ynskjer vi å ha eit rikt og bredt tilbod for våre medlemmer. Det skal fokuserast på breidde idrett, men også å tilretteleggje for konkurranseidrett i dei ulike idrettane vi representerer.

Visjon

«Idrett for alle»

Verdigrunnlag



FITJAR IDRETTSLAG
Skipa 6.mars 1949

Fitjar idrettslag sitt verdigrunnlag er fellesskap, glede, helse og ærlegdom, som samsvarer med NIF sine verdier.

Handlingsplan

Dagleg leiar skal i samråd med hovudstyret, og arbeidsutvalet til Fitjar idrettslag, utarbeide ein handlingsplan for driftsåret 2016. I tillegg skal det utarbeidast ein meir langsiktig handlingsplan der langsiktige mål vert presentert.

Handlingsplanane skal vere målbare slik at det lar seg gjere å foreta evaluering etter perioden.


Handlingsplanane skal innehalde konkrete oppgåver klubben vil jobbe med, beskrive korleis ein skal utføre oppgåvene og kven som har ansvaret for at oppgåvene skal utførast.

Alle gruppene i Fitjar idrettslag opptreer sjølvstendig når det gjeld aktivitetar tilrettelagt deira idrett. Ei viktig oppgåve vil derfor vere å syte for at gruppene får best mogleg forhold til å kunne utføra sine aktivitetar.



FITJAR IDRETTSLAG
Skipa 6.mars 1949

Idrettslagets Organisasjon



Merknad:

Hovudstyret: Mengde styremedlemmer og vara- medlemmer vert fastsett av årsmøtet

Kjønnsfordeling: " Det skal være mins 2 representantar for kvart kjønn i styret , råd, utval mv. med meir enn 3 medlemmer. I styret, råd og utval som består av 2 eller 3 medlemmer, skal begge kjønn vere representert" Jf. Idrettslagets lov § 5



FITJAR IDRETTSLAG
Skjpa 6.mars 1949

Organisasjonen Fitjar Idrettslag

Fitjar idrettslag tilbyr idrettar som fotball, handball, friidrett, turn, badminton og orientering. I tillegg til dette er idrettslaget eigar og drivar av Fitjar treningscenter. Fotballgruppa har eige organisasjonsnummer og styre. Handballgruppa har eige styre, men er ein del av hovudlaget.

Hovudlaget til Fitjar idrettslag tek seg av den daglege drifta, og det er under hovudlaget dagleg leiar i Fitjar idrettslag er tilsett. Hovudlaget er ansvarleg for vedlikehald av bane og anlegg samt leggja til rette for tilfredstillande lokalitetar for idrettslagets grupper. Sidan hovudlaget har den største økonomiske belastninga for å sikre eit godt tilbod til lagets medlemmar, skal stønad og sponsoravtalar gå via hovudlaget for vidare handsaming.

Dei ulike gruppene er sjølv ansvarleg for at det sportslege tilbodet er tilfredstillande for deira idrettsgrein i samarbeid med hovudlaget.

Årsmøte skal gjere følgjande val av tillitsvalde jf §15, 10 a,b og c:

Leiar: 1 år

Nestleiar 2 år

Styremedlem/kasserar 2 år

Styremedlem/sekretær 2 år

Val av leiar og styremedlem til dei gruppene som ikkje har eige årsmøte. 1 år.

Turn

Leiar:

Styremedlem:

Badminton

Leiar:

Styremedlem:

Orientering

Leiar:

Styremedlem:

Friidrett

Leiar:

Styremedlem:

Handballgruppa og fotballgruppa har eget årsmøte der styrerepresentantar blir velde.

Leiarane i begge gruppene skal presenterast for årsmøtet til hovudlaget då dei er ein del av hovudstyret i Fitjar idrettslag.

Handball

Leiar:

Fotball

Leiar:



FITJAR IDRETTSLAG
Skipa 6.mars 1949

Styret i Fitjar idrettslag skal avhalde minimum fem styremøter årleg. Som eit utgangspunkt vil møta avhaldas annankvar månad. Dei månadane det ikkje vert avhalde ordinært styremøte, skal det avhaldas møte i arbeidsutvalet som består av følgjande deltakara frå hovudstyret.

Leiar:

Nestleiar:

Styremedlem/sekretær:

Styremedlem/kasserar:

Dagleg leiar (ikkje møteplikt)

Årsmøtet

- Årsmøtet er Fitjar Idrettslags høgste myndigheit.
- Årsmøtet vert avhalden 1 gang i året og skal avhaldas innan mars månad som er fastsatt i lagets lov.
- Protokollen frå årsmøtet skal sendast til idrettsrådet i kommunen, og de særkretsar idrettslaget er tilslutta. Protokollen kan leggjast ut på idrettslagets nettsider.
- Innkalling til årsmøtet skal skje 1. månad før årsmøtet vert avhalden.
- Innkalling annonserast på nettet eller i avisa, eller sendes ut til medlemmene.
- Innkomne forslag skal være styret i hende 2 veker før årsmøtet og sakspapira skal sendes ut 1. veke før.
- Årsmøtet er for medlemmer i klubben, det vil sei dei som har betalt medlemskontingenten. Foreldre har ikkje fullmakt til å stemme for medlemmar under 15 år.
- Årsmøtet legg grunnlaget for styret sitt arbeid og alle som ønskjer å bli med å bestemme korleis klubben skal drivast bør stille på årsmøtet.
- Årsmøtet skal gjennomførast slik det er fastsatt i lovens årsmøteparagraf.



FITJAR IDRETTSLAG
Skipa 6.mars 1949

Styrets funksjon og samansetning

Styret skal

- Planlegge og ivareta lagets totale drift, herunder mål- og strategiarbeid, budsjett og regnskap samt oppgåver beskriven i §1 NIFs lover, lovnorm for idrettslag. Styret har ansvar for at det finns retningslinjer for aktiviteten i klubben
- Setje i verk bestemningar og vedtak fatta av årsmøte eller andre overordna idrettsmyndigheter
- Disponera lagets inntekter (tilskot, kontingent o.a.) og fordele disse etter plan og godkjent budsjett
- Etablere komitear og utval etter behov, og utarbeide instruks for disse.

Styremedlemmer

- Styremedlemmer skal møte på styrets møter
- Styremedlemmer kan tildeles konkrete oppgåver i tråd med styrets vedtak

Revisorar

- Revisor skal vurdere om årsregnskapet er utarbeidet og fastsatt i samsvar med idrettens regnskaps- og revisjonsbestemningar, og om organisasjonsleddets styre har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysningar i samsvar med idrettens regnskaps- og revisjonsbestemningar.

Valkomité

Valkomiteen har ein av klubbens viktigaste oppgåver. Den har ansvaret for funksjonell utvikling av klubben ved å rekruttere nye styremedlemmer etter nøye vurderingar av medlemsmassen.

Dagleg leiar

Dagleg leiar er tilsett i hovudlaget til Fitjar idrettslag og har ansvar for dagleg drift av klubben i samsvar med gjeldande arbeidsavtale. Dagleg leiar er tilsett av hovudstyret og rapportere til hovudstyret gjennom styreleiar eller direkte til styret på styremøter og årsmøte.



FITJAR IDRETTSLAG
Skipa 6.mars 1949

Medlemmer

Medlemskap i Fitjar idrettslag er først gyldig og regnes frå den dag kontingent er betalt. For å ha stemmerett og være valbar må eit medlem ha vært tilslutta idrettslaget i minst 1 måned og ha betalt kontingent.

Medlemskap i Fitjar idrettslag kan opphøra ved utmelding, stryking eller eksklusjon. Utmelding skal skje skriftlig og får verknad når den er motteken.

Ein tilsett kan vere medlem i klubben men har ikkje stemmerett på årsmøtet og den tilsette kan ikkje veljast til verv i klubben eller overordna organisasjonsledd.

Stryking kan finne stad av medlem som skylder kontingent for meir enn eit år. Medlem som vert strøken kan ikkje tas opp igjen før skyldig kontingent er betalt. Dersom eit medlem skylder kontingent etter forfalt to års kontingent, skal medlemskapet bringes til opphør ved strykning fra idrettslagets side

Ved innmelding bør medlemmene fylle ut eit skjema med namn, fødselsdato, adresse, e-post, mobilnr. namn på foreldre. Dette for å få eit bra og oversikteleg medlemskartotek, i tillegg til at laget ynskjer å ha utfyllande medlemsinformasjonen på heimesida.

Undergrupper til Fitjar Idrettslag skal levera medlemslister innan 31.01. kvart år til hovudstyret.

Jf § 7 Representasjonsrett og vilkår for val av arbeidstakar og oppdragstakar

(1) Ein arbeidstakar i idrettslaget kan ikkje veljast til verv i laget eller overordna organisasjonsledd. Tillitsvalt som får tilsetjing i idrettslaget pliktar å gå ut av tillitsvervet, og går inn att i vervet når tilsetjingstilhøvet er avslutta.

(2) Ein arbeidstakar i idrettslaget kan ikkje veljast eller oppnemnast som representant til årsmøte/ting eller møte i overordna organisasjonsledd.

(3) Første og andre ledd gjeld ikkje for arbeidstakar som er spelar/utøvar med kontrakt og medlemskap i idrettslaget. Første og andre ledd gjeld heller ikkje for treningsinstruktørar ved Fitjar treningssenter.

Forsikring

Idrettsforsikring for barn

Alle barn som er medlem av lag tilslutta Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) eller som deltar i organisert aktivitet i klubbens/lagets regi er forsikra opp til de blir 13 år. <http://www.idrett.no/tema/barneidrett/idrettsforsikring/Sider/default.aspx>

Aktivitet

Dei ulike gruppene er sjølve ansvarleg for at det sportslege tilbodet er tilfredstillande for deira idrettsgrein i samarbeid med hovudlaget.

Informasjon

Idrettslaget informerer medlemmene primært via nettsida. Nettsida har adresse: www.fitjaril.no



FITJAR IDRETTSLAG
Skipa 6.mars 1949

Regnskap

Regnskapet til Fitjar idrettslag blir ført av regnskapsbyrået Tveit regnskap AS org.nr. 984388241. Idrettslaget må sjølv syte for at regnskapsfører har den nødvendige dokumentasjonen til å kunne utføre dette arbeidet. Tveit regnskapsbyrå skal føre regnskapet til treningssenteret samt hovudlaget representert av gruppene friidrett, orientering, turn/idrettskule, badminton og handballgruppa.

Årsmøte skal handsama og godkjenna revidert rekneskap for laget og gruppene, fastsetja disponering av eventuelt overskot eller inndekning av underskot i hovudlaget. Ved godkjenning av revidert rekneskap vert det gjort ansvarsfridom for hovudstyret.



FITJAR IDRETTSLAG
Skipa 6.mars 1949

Medlemskontingent og treningsavgift

Medlemskontingenten for FIL vert fastsett på årsmøtet som eigen sak. jf. idrettslagets lov.§4

Medlemskontingent skal betales for kvar enkelt medlem, familiemedlemskap blir rekna som ein rabattordning og ein må fortsatt registrere kvart enkelt medlem med namn og betalt beløp då revisor skal kontrollere medlemslistar mot regnskap.

Då det føreligg til dels store forskjellar i kostnad knytt til bruk og tilrettelegging av ulike aktiviteter, har kvar enkelt gruppe sjølv høve til å fastsetja treningsavgift for deira idrett.

Reklame/sponsoravtaler

Alle sponsor avtaler skal godkjennast av hovudstyret. Ei gruppe kan ikkje inngå egne avtaler utan godkjenning frå hovudstyret.

Utleige

Langtids utleige av klubbens anlegg kan ikkje gjerast utan at det blir lagt fram som sak til hovudstyret. Utleige av anlegg i ein kortare periode (feks. helgeutleige) kan avgjerast av dagleg leiar.

Ved kontantsal

Oppgjer ved kontantsal skal teljast og signerast av to personar.

Tilsetjing

Styret kan tilsetje dagleg leiar for klubben og utarbeida stillingsinstruks for denne. Styret har også fullmakt til å vedta lønn og godtgjørsle for arbeid.

Økonomisk utroskap/varslingsplikt

Føreligg det grunn til mistanke om at økonomisk utroskap føreligg, skal dette varslas omgåande til næraste naturlege overordna.

Alkohol

Fitjar idrettslag støtter idrettens holdning til alkohol og vil praktisere de retningslinjer som er vedtatt av idrettsstyre 16.mars 2004, sak 54.



FITJAR IDRETTSLAG Skipa 6.mars 1949

Politiattest

Politiattest skal krevjast av personer som skal utføre oppgåver for idrettslaget som inneberer et tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming. Med mindreårige meiner ein barn og unge under 18 år.

Personar under 18 år skal også leggje frem politiattest. Den nedre grensa er 15 år.

- Styret skal krevje politiattest av alle tilsette og frivillige som skal utføre oppgåver for idrettslaget som utjev eit tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming.
- Styret skal finne ein person som er ansvarleg for å handtere ordninga med politiattest i idrettslaget.

Barneidrettsansvarleg

Alle idrettslag som organiserer aktivitet for barn til og med fylte 12 år er pliktig til å oppnevne ein person som er ansvarleg for barneidretten. Styret skal finne ein person som er ansvarleg for denne ordninga.

Fair Play

Fair Play regler skal danne grunnlaget for Fitjar Idrettslag sine haldningar blant trenerar, spelarar, utøvarar og foreldre.

Utmerkingar

Årsmøtet vedtar regler for utdeling av diplom/pokalar for sportslege og andre innsatsar. Dette inkluderer også æresmedlemskap. Dei ulike utdelingane skal primært utdelast på årsmøtet.

Årlege faste oppgåver

Dato/månad

31.03	Frist for å avhalde årsmøte
30.04	Gjennomføre den årlege lovpålagte idrettsregistreringa
30.04	Frist for å oppdatere nytt styre til Brønnøysund
31.12	Frist for å ferdigstille elektronisk medlemsliste